



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for desember 2018.

Distrikt 2305
Klubbnr. RK
12713

Årgang
54



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Vegard Gjerde
Visepres: Bjørn Teigene
Sekretær: Knut Strømsjordet
Kasserar: Hanne Rognan
Past pres: Sverre Jarl Ulstein
Styremedlem: Oskar Grimstad
Ansv.red.: Åge Nytun
Referent: Åge Nytun

Kulde

Kong vinter har grepet meg med sin kalde hånd,
Den har brutalt fjernet sommerens bånd.
Den har lagt sin frostrøyk over li og fjell,
Men det pulserende livet fortsetter lell.
Ut av menneskets munn ser jeg den varme damp,
Der de fortsetter livet og eksistensens harde kamp.
Borte er fuglenes glade sang,
mon tro om vinteren blir lang.
Men håld fast på troen at bak de harde kulde,
Kommer en ny vår, hvor liene igjen av blomster er fulle.
Da skal vi igjen pakke ut kroppen vår,
Å juble der i solen vi står.

Torgeir, E

Referat frå Rotarymøte 3. desember 2018.

Presidenten ønske vekomen til første møte i desember og til opning song vi "Vi vandrer med freidig mot".

Denne dagen hadde vi besøk av distriktsguvernør Arvid Blindheim frå Vestnes Rotaryklubb. Men først fekk vi ei orientering frå presidenten som i lag med Karin S Holstad og Erna Berg hadde vore på besøk i Peru på Mamma Klara prosjektet som vi har der. Dei fekk ein svært flott mottakelse, med guiding og omvisning i området, og dei fekk sjå kor flott det vi har vore med på å bygge opp der, hadde vorte. Dei var med på rotarymøte i den lokale klubben og fekk både personlege gåver og gåver til klubben vår. Rotaryklubben hadde 34 medlemmar og flott møtelokale med høg standard.

Heile oppholdet hadde vore ei stor oppleving.

Så kunne presidenten opplyse at Hareid Rotaryklubb har fått kr. 175.000,- av Sparebanken Møre til å bygge gapahuk ved Rotarystien.

Distriktsguvernør Arvid Blindheim fekk så ordet.

Han og assisterande distriktsguvernør Kjell Høydal hadde i forkant hatt møte med ledelsen i klubben og hadde der fått eit svært godt inntrykk av klubben vår og måten han vert driven på.

Guvernøren presenterte så seg sjølv. Han har vakse opp i Sykkylven, er utdanna lærar og bur på Vestnes, og var i 24 år fylkeskultursjef før han no vart pensjonist.

FN og rotary har mykje til felles, meinte han. Trygve Lid, FN sin første generalsekretær, skamroste rotary for det dei stod for, og Guvernøren peika på kor viktig det er at rotary er med på utallige prosjekt rundt om i heile verda for at i første rekke barn og unge skal få eit betre liv.

Han fortalde så litt om besøka han hadde hatt til klubbane han no har ansvaret for. Det er mange klubbar som jobbar godt, og der er Hareid Rotaryklubb blant dei bedre, men der er ein del som slit. Hovudutfordringa for mange er nok utviklinga i medlemstalet. Det er også ei utfordring for oss, og ikkje minst å auke antallet kvinner i klubben, som guvernøren snakka varmt om.

Han var med å starte Vestnes rotaryklubb for 40 år sidan som 29 åring, men hadde motforestillingar på grunn av at kvinner ikkje fekk vere med. Det har no endeleg endra seg, og i dag er 10 av 30 medlemmar kvinner. Han kom også inn på viktigheita av å ha gode både lokale og globale prosjekt å jobbe med, og her fekk Hareid RK ros for å vere aktive på begge deler. Han nemnde John Stennes som ei viktig drivkraft for å få gjennom prosjekt som også Hareid RK har vore med på. Han ønskte at fleire Global Grand prosjekt kunne kome opp og oppmoda om å samarbeide med andre klubbar for å få dette til.

Sverre Bjåstad overrekte så distriktsguvernøren jubileumsboka vår frå 50-årsjubileet og takka for eit fint foredrag, og han meinte at dette foredraget var eitt av dei beste frå ein distriktsguvernør på mange år.

Rotartymøtet 10. desember 2018

President Vegard ønskte velkommen til nytt møte og til opning song vi "Det lyser i stille grender"

Det vart så sendt rundt påmeldingsliste til juleavslutninga med lutefisk.

Denne dagen var det presidenten sin time. Han gjekk gjennom dei måla som var sett for rotaryåret. Så ville han fortelje om besøket i Peru i samband med Mamma Klara-prosjektet vi er med på der.

Mål for rotaryåret:

- Gjennomføre to dugnader på rotarystien

- Styrke rotary sit renommé lokalt.

- Rekruttere minst 2 nye medlemmar

- Gjennomføre ei strandrydding i kommunen.

- Vurdere utvidelse av renoveringsprosjektet i Antonietta Meo i samarbeid med rotaryklubben i Arequipa.

- Bygge gapahuk ved Rotarystien

Mål 1 til 4 er gjennomført eller godt på gang. Punkt 5 vil bli vurdert nærare når ein for betre oversikt over kostnader og mulegheiter for finansiering.

Mål 6 vil bli starta opp når planane er meir konkretiserte, finansieringa er på plass, men avtale med grunneigarane må også på plass. Det vart også ein diskusjon kring bygginga av gapahuk, og mange meinte at ein ikkje kunne basere dette berre på dugnadsinnsats, men måtte leige inn fagfolk til dette prosjektet, då vi alt har fire dugnader på rotarystien dette året.

Presidenten orienterte så om turen han og Karin i lag med Erna Berg (Mamma Klara) hadde hatt til Arequipa, Peru.

Dei vart svært godt mottekne der borte, dei vart møtte på flyplassen, og transportere rundt med guiding og omvisning i området. Dei viste stor glede og takk for den jobben som vart gjort for borna deira i barneheimen.

Dei var også på privat besøk hos erkebiskopen i Arequipa, og besøk på barneheimen med god bevertning. Ein svært opplevelsesrik tur med mange inntrykk.

Presidenten viste så nokre bilete frå Peru turen.

Karin og Erna kjem tilbake med nærare oppdatering frå besøket der borte på eit seinare møte.

John Stennes orienterte så kort om Armeniaprojektet, og statusen på det. Det vil vere behov for meir økonomisk støtte for å kunne fullføre prosjektet.

Referat frå Rotarymøte 17. desember 2018.

Dette var siste møte før jul og siste møte i 2018, og som vanleg juleavslutning med lutefisk med tilbehør som kameratskapskomiteén hadde ansvaret for.

Vi var 33 personar medrekna gjestar, og sokneprest Leidulv Grimstad hadde nokre gode ord til oss no når vi går inn i julehøgtida.